Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 66/14

Sak nr.: 2014/5702

Møte: 17.09.2014

Utlysing - Instituttleiar (mellombels stilling) ved Klinisk institutt 2

I universitetsstyret sak 09/73c vart professor Per Bakke tilsett som instituttleiar ved Institutt for indremedisin for ein åremålsperiode på fire år frå hausten 2010, vår ref. 09/9000. Åremålsperioden gjekk ut 31.8.2014 og ein ønskjer å lyse ut stillinga for ein ny fireårig åremålsperiode. Utlysinga vil etter samanslåinga av institutta ved fakultetet, høyre til Klinisk institutt 2.

Professor Eystein Sverre Husebye er konstituert som mellombels instituttleiar ved K2 til 31.12.2014.

Ifølgje §3 i «Reglar for fakultetsorganene», fastsett av universitetsstyret 18.6.2009, er det fakultetsstyret som handsamar utlysing og tilsetjing av instituttleiar.

Forslag til vedtak

1. Fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtar å lyse ut ei åremålsstilling som instituttleiar (professor) ved Klinisk institutt 2. Stillinga er ei 100 % stilling for ein periode på fire år.
2. Dekan får fullmakt til å gjere endringar i utlysingsteksten i samsvar med gjeldande standard for utlysing.

Inger Hjeldnes Senneseth
Fung. fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
Seksjonsleiar rekruttering

05.09.2014 /ELSØ

Vedlegg:
Utlysingstekst norsk og engelsk

INSTITUTTLEIAR – DET MEDISINSK-ODONTOLOGISKE FAKULTET

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet er det ledig ei fagleg spanande og utfordrande åremålsstilling (4 år) som instituttleiar ved Klinisk institutt 2.

Klinisk institutt 2 er eitt av to medisinske kliniske institutt ved fakultetet. Den faglege porteføljen er brei, og spenner over mange av dei medisinske spesialitetane. Instituttet har om lag 250 tilsette, og eit budsjett på om lag 120 mill. Det held til på universitetscampus ved Haukeland universitetssjukehus og har eit nært samarbeid med sjukehuset.

Instituttet driv medisinsk forsking, rettleiing og undervisning på høgt internasjonalt nivå. Instituttet har viktige oppgåver både innan medisin, mastergrads- og doktorgradsutdanning.

Dei viktigaste oppgåvene til instituttleiar er følgjande:

- utøve leiarskap i tråd med fakultetet sin strategi, leggje til rette for og stimulere til gode forskingsmiljø og høg kvalitet i utdanningane, dertil å inspirere og motivere tilsette og studentar til fagleg utvikling

- bidra til fakultetet sine strategiar og sørgje for at instituttet har oppdaterte strategiar for instituttet si verksemd og sørgje for at ressursar ved instituttet vert nytta i samsvar med desse

- sørgje for veleigna teknisk-administrative tenester og for effektiv drift av verksemda

- yte sitt til at instituttet har tilstrekkelege budsjettmessige økonomiske rammer, og leggje til rette for å auke verksemda som er basert på tilskot og finansiering av oppdrag, i tillegg til å sikre fullfinansiering av denne verksemda

- fremje eksternt og internt samarbeid

- utøve personalansvar for tilsette ved instituttet, ta i bruk relevante leiingsverkty, og ha ansvar for resultat innan utdanning, forsking, forskarutdanning, økonomistyring, administrasjon og formidling

- arbeide målretta for ein betra kjønnsbalanse i dei vitskaplege stillingane ved instituttet

Vi søkjer instituttleiar som:

- har erfaring med å leie fagleg verksemd innan universitetssektoren og som kan vise til oppnådde resultat

- er internasjonalt framståande forskar med relevant professorkompetanse
- har gode evner til kommunikasjon, dertil evne til å skape tillit og byggje nettverk internt og eksternt
- har god innsikt i kunnskapsorganisasjonar og dei krav som vert stilt til administrative tenester og god økonomistyring
- har ein motiverande og inkluderande leiarstil prega av samarbeid, medverknad og dialog

Det er eit ynskje at leiarskapet vert kombinert med eigen forskingsaktivitet. Universitetet i Bergen, og Det medisinsk-odontologiske fakultet kan tilby eit konkurransedyktig fagmiljø og ein infrastruktur og utstyrspark, som er i internasjonal klasse. Vi legg til rette for instituttleiar sin forskingsaktivitet og leiarutvikling. Eit nært samarbeid med helseføretaka og primærhelsetenesta er av stor verdi for vår forskings- og undervisningsaktivitet.

Instituttleiar rapporterer til dekanus og inngår i fakultetet si leiargruppe.
Informasjon om instituttet kan du finne på Universitetet i Bergen sin eksternweb: http://www.uib.no/mofa

Løn etter gjeldande tariffavtale i lønssteg 88-91 (kode 1475),
p.t. bruttoløn kr. 972 700-1038 800. 2 % trekk av løna til Statens pensjonskasse (inntil 12 G).

Kvinner vert oppmoda særskilt til å søkje stillingane. Dersom fleire søkjarar vert vurdert å ha tilnærma like kvalifikasjonar, vert avgjerda om kjønnskvotering i Personalreglementet for tekniske og administrative stillingar nytta.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.
Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Interesserte kan kontakte dekan Nina Langeland, telefon 55 58 20 87/416 16 450, e-post Nina.Langeland@mofa.uib.no.

Søknad
Slik søkjer du stillinga:
Send søknad og CV via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.

Legg ved:
- CV med fullstendig oversikt over utdanning og erfaring
- vitnemål
- attestar
- fullstendig publikasjonsliste med informasjon om kvar desse er publiserte

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen for ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Søknadsfrist:

HEAD OF DEPARTMENT – FACULTY OF MEDICINE AND DENTISTRY

At The Faculty of Medicine and Dentistry a position as Head of Department is vacant at Department of Clinical Science. The position is temporary for a period of four (4) years.

Department of Clinical Science is one of two medical and clinical departments at the Faculty. The professional portfolio is comprehensive and includes several of the medical specialties. The department has around 250 employees and a budget of around 120 million NOK. It is located on the campus at Haukeland University Hospital and has a close collaboration with this institution.

Department of Clinical Science aims to conduct research, guidance and teaching at a high international level. The department has important tasks in the training in medicine, master degree programs, and PhD education.

Main work areas:

- Management in accordance with the Faculty's strategy, facilitate and stimulate good research environments and high quality education, thus inspiring and motivating employees and students in terms of their professional development.

- Contribute to the Faculty's strategies and ensure updated strategies at a department level and make sure that resources at the department are used in accordance with these.

- Make sure that the department has a sufficient economic framework in terms of budget and facilitate an increase in the activities that are based on additions and the financing of assignments, in addition to ensuring full financing of this activity and promote collaborations both externally and internally

- Be responsible for human resources for employees at the department, make use of relevant management tools and be in charge of results within the fields of education, research, researcher training, financial management, administration and communication.

- Work purposefully towards a better gender balance in the scientific positions at the department

The head of department reports to the dean and is part of the Faculty's management group. Information on the department may be obtained from the websites of the University of Bergen: http://www.uib.no/mofa

We are seeking someone who:

- Is experienced when it comes to the management of professional activity within the university sector and who has achieved results to show for.
- Is renowned internationally as an excellent researcher with relevant professor competence
- Has good communication skills and thus the ability to create trust and build networks both on an internal and external level.
- Is insightful when it comes to organisations concerned with knowledge and the relevant criteria that must be fulfilled in terms of administrative services and good financial management.
- Has a motivating and including management style characterized by collaboration, contribution and dialogue.

It is requested that the management is combined with own research activity. The University of Bergen and the Faculty of Medicine and Dentistry can offer a competitive academic environment and an infrastructure and a collection of equipment that holds international standards. We will facilitate the research activities and management development of the successful candidate. A close collaboration with the Health enterprise and the Primary health service is of great value to our research- and teaching activities.

Additional information about the position can be obtained by Dean Nina Langeland, phone +47 55 58 20 87/416 16 450, e-mail Nina.Langeland@mofa.uib.no.

Salary

Salary will be paid in accordance with level 88-91 NOK 972 700 – 1038 800 (code 1475) as a professor on the government salary scale. A pension contribution of 2 % will be deducted and deposited to the state pension scheme.

Guidelines

Women in particular are invited to apply. If, in the opinion of the evaluation committee, several applicants have approximately equivalent qualifications, the rules on equal opportunities laid down in the Personnel Regulations for Academic Positions will be applied.

State employment shall reflect the multiplicity of the population at large to the highest possible degree. The University of Bergen has therefore adopted a personnel policy objective to ensure that we achieve a balanced age and sex composition and the recruitment of persons of various ethnic backgrounds. Persons of different ethnic backgrounds are therefore encouraged to apply for the position.

The University of Bergen applies the principles of public openness when recruiting staff to scientific positions.

Information about the applicant may be made public even though the applicant has requested not to be named in the list of applicants. The applicant will be notified if his/her request is not respected.

The successful applicant must comply with the guidelines that apply to the position at any time.

Application
How to apply for the position:

Upload the following and send the application and CV via the link “Apply for this job” at this website.

- CV with a complete overview of the applicant’s education, earlier positions and other activities
- scanned copies of your certificates
- complete list of scholarly works, with information about where these have been published

The applications with attachments are sent electronically to the evaluation committee.

Please note that the applications will be forwarded to the committee with the information and attachments uploaded in JobbNorge at closing date. It is the applicant’s responsibility to make sure all relevant documentation is present.

Closing date for applications: